

Slik kan kommunen legge til rette for lokal handel

«Ei av oppgåvene til Merkur er å gjere kommunane merksame på at kommunane har eit handlingsrom som inneber at dei kan leggje til rette for at lokale aktørarar kan konkurrere om offentlege innkjøp, samstundes som kommunen følgjer lovverket.

Det er fleire tiltak kommunane kan gjere for å leggje til rette for handel hos lokale butikkar og verksemder, om kommunane ønskjer det:

- Kommunen kan bestemme å lyse ut anbodet sjølv. Kommunen har ikkje plikt til å vere med i store fylkeskommunale innkjøpsordningar.
- Det er viktig å skape like konkurransevilkår og det er viktig for kommunen å gjere gode innkjøp. Skal bedrifter og butikkar i kommunen ha moglegheit for å konkurrere, må innkjøpsavtalane ikkje vere for store. Slik opnar kommunen for ein breiare konkurranse, der også små leverandørar kan konkurrere om oppdraga.
- Der det fell naturleg, kan kommunen gje skule, barnehage, sjukeheim etc. eigne budsjett og la dei sjølv få lov å bestille. Då er det lov å la anbodet kunn omfatte vedkommande institusjon. Slik vil t.d. den lokale butikken i bygda få lov å konkurrere om leveranse til skule, barnehage og sjukeheim.
- Kommunen kan også i anboda legge til rette for at ein lokal leverandør kan gje anbod på ein mindre del av ein større leveranse. Slik vil ei lita verksemd eller ein butikk kunne konkurrere om leveranse til den lokale skulen, barnehagen eller institusjonen.
- Kommunen bestemmer tildelingskriterium som på objektivt grunnlag gjev beste leveranse til kommunen. Tildelingskriterium kan vere kvalitet, fleksible leveringstider, fleksible leveransevolum, miljøomsyn og pris. Desse tildelingskriteria blir vekta og ein vel leverandør med beste poengsum (får ut beste og mest effektive kjøp for kommunen).
- Dersom små leverandørar (den lokale butikken) ikkje får leveransen, kan kommunen oppfordre større leverandørar til å bruke lokal leverandør som underleverandør.
- Kommunen har lov å inngå kontrakt direkte med ein lokal leverandør der kjøpet har ein total verdi på under kr 100.000,- eks mva. Men også i små leveransar bør kommunen legge opp til konkurranse.
- For leveransar mellom kr 100.000 og 1,3 mill. eks mva. kan kommunen velje anten open eller avgrensa anbodskonkurranse. I ein avgrensa konkurranse kan kommunen innhente pris frå minst 3 leverandørar (som dei sjølv peikar ut) utan offentleg utlysing. Kommunen står fritt til å velje leverandørar som skal vere med i konkurransen. Kommunen følgjer vanlege anbodsprosedyrar og kan såleis tildele leveransen til den (evt. lokale) leverandøren som best tilfredsstillar tildelingskriteriene.
- Det vart og gjort ei tilføyning i anskaffelsesforskrifta 1.mai i fjor. Det vart opna for at oppdragsgjevarar kan stille miljøkrav og kriterium knytt til klimavenlege løysingar, når det er relevant for ein leveranse. Dette kan og vere med og gjere det lettare for lokale tilbydarar med små transportkostnader (og små bilar) å vinne fram i ein konkurranse».

*Utdrag frå brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Forsand kommune
18.september 2018*